

## **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 25.11.2020**

### **Handsaming i møte**

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Kari Gåsemøy, orienterte om det framlagte forslag til plan for forvaltningsrevisjon og svaret på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet vart samde om at prosjekt nr.6 vert flytta opp til nr. 1. Denne endringa vert lagt inn i planen som ligg ved saka til fylkestinget.

Med denne endringa i punkt 2 vart slik innstilling samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 for Vestland fylkeskommune vert vedteken slik den ligg føre, men med at prosjekt nr. 6 vert flytta opp til nr. 1.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
3. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å føre endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til fylkestinget etter kvart.